

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Nils Bjørn Vistad, Pålerudbyen 72, 3516 Hønefoss

Mobil 90033113, E-post: [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Hønefoss 30.10.2024

## Revisjon av forvaltingsplan og forskrifter

Viser til vårt innspel i saka, av 16.10.24. I etterkant har styret drøfta ulike sider og vil gjerne anføre ytterlegare nokre symnspunkt, sidan det er opna for dette innan utgangen av månaden.

Vi gjentar fyrst ynskjete om å ta sterkare del i arbeidet enn den eine arbeidsgruppeplassen vi er tildelt, og vonar Statsforvaltaren ser det rimelege i at dei private grunneigerane – som utgjer ein overvekt av det verna arealet, er ei tyngre og meir konsekvensutsatt interessegruppe enn andre partsinteresser på Hardangervidda.

Den opprinnelege intensjonen attende frå 1981, då park og landskapsvernområder vart oppretta, var at «tradisjonell landbruksnæring», herunder hausting av vilt- og fiskeressursar skulle kunne fortsette uhindra. At ein i seinare tid på mange vis har avgrensa tradisjonsomgrepet til å gjelde utnytting «på det gamle viset» kan ikkje vera rett. Det må inkludere ei modernisering i høve til metodebruk, sidan ressursgrunnaget elles er det same. Det bør difor vera rom for at grunneiger på Hardangervidda har romsleg løyve til å ta i bruk rasjonell reidskap for hausting og bruk av ressursar og utøving av næringsverksemd basert på eige ressursgrunnlag. Avgrensingar her må vera knytt til omsyn som er naudsynleg ut frå faktiske behov i det enkelte høve – ikkje på reint generelt grunnlag.

Landbruksomgrepet må inkludere omgrepet *utmarksnæring*, som omfattar persontrafikk knytt til aktivitetar opp mot småviltjakt, fototurisme, opplevingar o.l. Når dette er knytt opp til ressursutnytingsign i næringsssammenheng, blir omfanget avgrensa. Det er fristande å vise til «fjellteksten» som myndigheitene fremma for vel 20 år sidan, og som skulle bidra til at store verneområder kunne bli betre næringsmessig utnytta,- sjølv sagt innanfor dei omsyn verneformålet måtte kreve. Dette vart diverre bare eit «skapprodukt», som ikkje kom ut i praksis. Politisk intensjon vart då stoppa av administrativ manøvrering (skinnlegging)! Uavhengig av næringsomfanget må grunneigar ha høve til å inspisere og vedlikehalde eigen eigedom, støyshusvære, fiskebuer o.l. – på generelt grunnlag og basert på melding og ikkje søknad.

Når forskriftene nå også skal til vurdering, ynskjer vi at ein skal ha eit bevisst og ope syn på at næringsmessig bruk må skje med den rasjonalisering tida krev.

God helsing

## HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Torgils Eide, sign  
Leiar

Nils Bjørn Vistad, sign  
Skrivar

Gjenpart til Kjetil Heitmann, [kjetil.heitmann@statsforvalteren.no](mailto:kjetil.heitmann@statsforvalteren.no)

---

---

Leiar: Torgils Eide Tlf. 90794023 E-post [torgils.eide@ineos.com](mailto:torgils.eide@ineos.com)  
Sekretær : Nils Bjørn Vistad Tlf. 900 33 113 E-post [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)